

Kontrollutvalets rapport for 2023

I samsvar med NIF si lov § 2-12 avgjev kontrollutvalet i Bratte Rogalands Venner (BRV) med dette sin rapport.

Kontrollutvalets oppgåver

Kontrollutvalet skal sjå etter at klubben vert driven i samsvar med organisasjonsleddet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak, og ha særleg fokus på at organisasjonsleddet har forsvarleg forvaltning og økonomistyring, og at midlar vert nytta i samsvar med lover, vedtak, tildelingar og økonomiske rammer.

Kontrollutvalet skal framleggjast alle forslag til vedtak som skal behandlast på årsmøte/ting, og avgje uttale til dei saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.

Kontrollutvalet skal føra protokoll over eigne møter og avgje rapport til årsmøtet.

Kontrollutvalet har utført fylgjande handlingar

Kontrollutvalet har sidan førre årsmøte hatt møte saman med styreleiar og dagleg leiar, i tillegg til epostkommunikasjon med informasjon i saker relevant for kontrollutvalet.

Utvalet har hatt tilgang til og gjennomgått protokoll for årsmøtet 2023, styrets møteprotokollar, samt andre dokument utvalet har funnet det nødvendig å gå gjennom. Me har fått alle opplysningar som utvalet har sett nødvendige frå idrettslagets styre og frå dagleg leiar. Me har vidare gått gjennom styret sin årsberetning for 2023, det styregodkjente årsrekneskapet for 2023 og hatt oppsummerande møte med styrets leiar, styrets kasserar og dagleg leiar 08.02.24

2023 har vore eit år der BRV har prioritert røtene, og dette arbeidet har vore godt forankra gjennom tilbakemeldingar frå medlemar, årsmøtevedtak, samt godt og lojalt arbeid av styret og dagleg leiar. I det heile er det godt samsvar mellom årsberetninga for 2023 og handlingsplanen vedteke på årsmøtet i mars 2023. Eit døme på dette er arbeidet i dei ulike komiteane der ein får involvert fleire av medlemane og med aktivitetar som utvikling av klatrefelt og samlingar. Kontrollutvalet merker seg og at nokre få av dei planlagde aktivitetane vart rettvist droppa grunna manglande påmeldingar eller andre tilhøve utanfor styrets kontroll. Styret har også jobba for å få gode samarbeidsavtaler for medlemar med så langt godt resultat. Auka medlemstal for 2023, ein auke som i seg sjølv ikkje er et uttalt mål, kan nok delvis forklarast av dette. Diverre har ikkje samarbeidsavtalen med Vår Energi Arena Sørmarka vorte slik klubben har ønskt, men det har ikkje mangla på forsøk frå styret. I årsmeldinga frå 2023 står det at ein skal sjå på om klubben kan ha ei egen klatrehytte. Kontrollutvalet tilrår ei god forankringsprosess av ei slik avgjersle blant medlemane og gjennom årsmøtet.

Kontrollutvalet har gått gjennom Norges Idrettsforbund si sjekklister for klubbar utan engasjert revisor. Utvalet har hatt direkte tilgang til rekneskapssystemet (Tripletex) der klubbens rekneskap vert ført av firmaet Total Økonomistyring Sandnes AS. Kontrollutvalet har der gjort punkt- og kryssjekkar av posteringar og rekneskap.

Balansen viser idrettslagets eigendelar og midlar og er kontrollert mot underliggjande dokumentasjon. Me finn at alle balanseverdiar er reelle pr 31.12.23.

Rekneskap 2023

Rekneskapen viser eit **overskot på kr 280.164** (mot +313.986 i 2022).

Ved årssavslutting 2023 er den frie eigenkapitalen auka med kr 280.164 samanlikna med 2022 og er no på totalt **kr 1.329.719**, der kr 212.141 er plasseringar i Skagenfondet.

Eigenkapitalen er godt innanfor krav til eigenkapital for klubben som styret vedtok i 2021 på eit minimum av kr 400.000. Føremålet med å definera ein minimum av eigenkapital er å sikra at klubben har ein buffer dersom ein skulle få større grad av uforutsette utgifter eller tap av inntekter enn budsjettert.

Kontrollutvalet har fylgjande merknadar til det framlagte rekneskapet:

Rekneskapan er ført med god ryddigheit og programvara «Tripletex» gjev enkel og hurtig oversikt, samt gode moglegheiter for djupdykk.

For postane «Tilskudd» og «Andre inntekter» er det noko ulikt korleis desse vert brukt for rekneskapsføring år for år og kan avhenga av at «tilskot» nokre år vert namngitt som «gåve». For 2023 er det ein reduksjon i «Tilskudd», men tilsvarende auke i «Andre inntekter». For 2023 er dette kr 100.000 gjeve som gåve (og då under «andre inntekter» frå Sandnes Sparebank til boltar.

Kontrollutvalet anbefalte i 2022 at godtgjersla til styret også spesifikt skal koma fram i notar. Dette er no gjort og viser at det heller ikkje for 2023 er betalt ut godtgjersla til styret.

Rekneskapan er ført av Kenneth Nilsen i Total Økonomistyring Sandnes AS med et honorar pr kr 23.762 for 2023.

Kontrollutvalet opplever at dagleg leiar og styret gjennom året har tett oppfølging av rekneskapan og har hatt dedikert kasserarverv med hovudansvar for dette.

For året 2024 legg styret fram eit budsjett i balanse (kr 601 i overskot).

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at styrets beretning og idrettslagets årsrekneskap for 2023 vert godkjent av årsmøtet.


Stavanger, 4. mars 2024



Lars Gjerdåker, leiar



Rune Endresen, medlem



Iven Erga, varamedlem